

GUDS ORD

(Tone: Kvar skal eg vel av.)

Guds ord er eit sverd
som sårar til u-livs den gudlause verd.
Det trengjer seg inn gjennom ledmot og merg,
og krasar i hjarta det hardaste berg.
Men likevel maktar den tvieggja kniv
å røra til liv.

Guds ord er ein eld
som svider kvar sjæl som til syndi seg held.
Vår sjølvлага rettferd det brenner som høy.
Og i denne doms-eld må syndaren døy.
Det brår og det smuldrar til oska og dust,
so hjarta vert knust.

Guds ord er ei kraft.
Ei evna til frelsa det alltid hev havt.
Ein hjelpelaus syndar det leider til Gud.
Tek av han det ureine, sjølvgjorde skrud.
Og løyser han mildt i frå synd og frå mein,
so sjæli vert rein.

Guds ord er eit ljøs.
Og vil gjennom verdi få vera vår los.
Ei stjerna som strålar i dødsnatti grå,
so me kan den bergande Himmelveg sjå.
Det syner at vegen som fører oss fram
Jesus Guds lam.

Guds ord det står fast,
om Himlen og jordi gjeng under i hast.
Det kan ikkje ~~end~~ drast. Det står der det stod.
Om heile Heimskringen seig saman i blod.
Om alle ting brotna og rakna og brast,
Guds ord står då fast.

JOHS. M. L. RYDLAND.

Stikkordet kom vore Skilens 1962